

GLOD

MEDLEMSBLAD FOR SURNADAL IL. #1 2014

ØYSTEINS CORNER :
IDRETTSLAGET - ei
positiv kraft s. 2

MITT SIL-MINNE:
STURLA BRØRS
Rakk ikkje den litje
turen i buskene s. 2

PRISVINNEREN:
ARNHILD BERGHEIM
-Alder ingen hindring
s.4

PROFILEN:
ESPEN VRAALSEN -
Frå bygut til bygde-
ressurs. s. 7

TETT PÅ:
INNEBANDY -
Godt miljø, høgt nivå
s.10



IDRETTS-LAGET

Ei positiv kraft



ØYSTEINS CORNER

Kva er eit idrettslag?
Det kan verke som eit enkelt spørsmål, og definisjonen, frå Wikipedia, vel og merke, er i og for seg klar:
«Eit idrettslag er ein organisasjon som legg til rette for idrettsaktivitet. Eit idrettslag er oftast knytt til eit mindre geografisk område, gjerne sentrert

rundt ein skule med idrettshall eller eit idrettsanlegg.»

Det å legge til rette for idrettsaktivitet er i seg sjølv svært viktig, og noko eg sjølv finn, og alltid har funne, stor meinings i å arbeide med. Berre i Surnadal IL legg ildsjeler til rette for at folk kan drive med alpint, barneidrett, bueskyting, fotball,

friidrett, handball, innebandy, langrenn, trim, turn og volleyball.

Tal frå idrettsregistreringa i 2012 viste at det i Noreg på den tida var 11 907 registrerte idrettslag, og totalt 2 112 000 medlemskap. Godt over to millionar menneske får altså servert gode tilbod om idrettsaktivitet gjennom den organiserte idretten i landet, og desse tilboda kjem i stor grad i stand

gjennom frivillig innsats. Eg har i løpet av dei første månadane mine i Surnadal IL sjølv fått sjå den enorme innsatsen folk legg ned for å skape gode tilbod, og for å ta ein omvendt Heidi Weng: det er verkeleg berre å ta av seg støvet for den jobben som blir gjort.

For meg er eit idrettslag samtidig så mykje meir enn den relativt enkle Wikipedia-definisjonen.

Dagleg leiar:

Øystein Hjelle Bondhus

Epost: oystein.bondhus@surnadal-il.no

Mobil: 926 98 080

www.surnadalil.no

Følg oss på



MITT SIL-MINNE

Sturla Brørs

Sesongen var på hell, og eg hadde lagt opp til ei litt hard avslutning, med Rensfjellrennet på laurdag, og finalen i Norgescupen i Bardufoss (indre Troms) på søndag. Dette skulle gå opp ut i frå mine beregningars om eg berre var litt kjapp etter det lange turennet.



Sturla Brørs har grave litt i den personlege harddisken, og gjev oss her ei historie frå 1989 eller 90.



Eit idrettslag skal vere ein identitetsskapar i lokal-samfunnet, og skape eit samhald ein skal kunne vere stolt av å vere ein del av. Idrettslaget er dei trivelege folk, dei gode haldningane, den muntre stemninga. Eg er sjølv oppvachsen på Nordmøre Folkehøgskule, og har dermed fått inn slagordet deira, «Felles opplevelse – dobbel glede», nærmast med morsmjølka. Søren og at dei kom på det slagordet først. For dette oppsummerer i korte trekk det eit idrettslag er

for meg, det biletet eg ønskjer at folk skal ha av Surnadal Idrettslag.

Ein ting er at «saman er vi

sterke», men saman har vi det og så mykje artigare! Saman får vi utretta meir, og utvikla idrettslaget vårt i den retninga vi vil at det skal ta. For Surnadal IL er, og skal vere, vårt. Ditt. Mitt. Alle som vil kan ta del i samhaldet. Om du har vore surnadaling frå du var fødd, eller om du kom flyttande førre helg – det spelar inga rolle. I Surnadal Idrettslag er du velkommen uansett, og vi skal gjere det vi kan for at du skal få gode opp-

levingar. For det er det eit idrettslag er for meg. Ei samlande kraft i lokal-samfunnet. Ein organisasjon der folk kan møte andre med felles interesser, om det er å drive aktivt med idrett eller om det er å stå med ein kaffikopp i handa og sjå andre slite seg ut. I samband med at eg intervjuia ein av våre nye import-ressurspersonar, Espen Fougli Vraalsen, spurte eg han kva han meinte burde vere eit idrettslag si rolle i lokal-

«Det tykkjer eg ein klarar godt her.»

Med i underkant av 1100 medlemmar er vi eit stort idrettslag, med mål om å bli større. Vi ønskjer å utvikle organisasjonen vår vidare, og med overgang til nytt medlemssystem og utarbeiding av ny sponsorstrategi går vi spennande tider i møte. Samtidig skal vi jobbe for at Espen framleis skal få rett i at vi klarar å omfamne alle, og samtidig gje utfordringar til dei mest ambisiøse. Berre i

på lang, lang tid. Og kanskje viktigast: vi har frivillige ildsjeler i topp-klassen – slik Idrettens Festkveld var nok eit bevis på. Då kjem vi tilbake til essensen av kva eit idrettslag er for meg. Frivillig innsats, time etter time, for at tilbodet om idrettsaktivitet skal bli så godt som muleg. Det er grunnlaget for at utøvarar i alle gruppene våre kan få gode idrettsopplevelingar saman. Ønsket om å bidra for at vårt idrettslag, som vi driv ilag, skal vere ein positiv utviklingsarena for folk med felles interesser. Dette ønsket om å bidra til idrettslaget, til heimbygda og til lokalsamfunnet

Surnadal, var min hovudgrunn til å flytte heim frå Oslo, og eg kan ikkje tenke meg ein meir meaningsfull jobb.

Denne indre drivkrafta er grunnlaget for all idrettsaktivitet, anten det er for å gi alt som utøvar eller det brennande ønsket om å skape best muleg opplevelingar. Kva ein kallar den er ikkje så viktig, men for meg kjem det alltid tilbake til å handle om ein ting:

Glød.

#EIT IDRETTSLAG SKAL VERE EIN IDENTITETSSKAPAR I LOKALSAMFUNNET, OG SKAPE EIT SAMHALD EIN SKAL KUNNE VERE STOLT AV Å VERE EIN DEL AV.#

samfunnet. Han svarte at den viktigaste rolla til eit idrettslag er å skape aktivitet og utvikle sosiale ferdigheter hos barn og unge, og gje positive opplevelingar gjennom aktivitet. Dette må kombinerast, meinte han, med å gje utfordringer til dei som har lyst på det, og dermed omfamne alle, uavhengig av ferdighetsnivå. «Han har så rett», rakk eg å tenkje, før han la til noko som gjorde meg litt stolt:

løpet av 2014 kan vi vise til at vi har langrennsløparar som har hevd seg på nasjonalt nivå i sine årsklassar, og vi har friidrettsutøvarar som har reist heim frå KM med bagasjen full av medaljar. Vi har fleire av Noregs dominerande blueskytarar, og eit tabelltoppande innebandylag. Vi har ei handballgruppe i sterke vekst, og eit A-lag i fotball der entusiasmen, oppmøtet og gløden, trass nedrykket, er betre enn

Rensfjellrennet går mellom Selbu og Støren, dette året var det lite snø, så vi måtte gå langt fopp mot fjellet for å komme til start i Selbu. For min del rakk eg starten, men eg rakk ikkje den litje turen i buskene før start. Etter over 3 timars kraftprøve over fjellet var det godt å komme i mål av fleire grunnar. Så langt så vel, heilt til eg etter den nødvendige doturen fekk høre at eg skulle

stille til dopingprøve (min første og nesten siste). Dei som har sett John Cleese (han med det "rare" ganglaget i Monthy Python) i filmen "Clockvise – kapp-løp med tiden" anar vel resten av handlinga; etter at fire Solo var drukke og dopingprøven langt om lenge vart levert var det særdeles kort tid før flyet gikk nordover til Tromsø, og før dette skulle eg heimom og pakke ferdig.

Kan huske at eg sprang rett inn på flyet, (husk at dette er lenge før dagens sikkerheitskontroll på flyplassane), eg kom meg både nordover og til start neste dag. For dei som følgjer me d på resultatlistene; ein sterkt langdistanseløpar og god skiløparkollega Hans Christian Udnæs vann Rensfjellrennet. Kven som vann Norgescup-finalen kan eg ikkje hugse!

#EG RAKK IKKJE DEN LITJE TUREN I BUSKENE FØR START#





AU DÉR INGEN HINDRING

Foto: Mari Vattøy

Tekst: Mari Vattøy

Arnhild Bergheim

Med sine 44 år er Arnhild Bergheim over dobbelt så gammel som sine lagvenninner på håndballaget til Surnadal/Rindal i 4.divisjon. Det stopper ikke den spreke strekspilleren, som fikk tildelt prisen "Årets ildsjel" på idrettens festkveld i februar.

Arnhild har spilt håndball siden starten på 80-tallet. Da trente og spilte lagene sine kamper på grusbanen på Syltøran stadion. Over 30 år senere er hun fortsatt fast innslag på dalførrets seniorlag.

- Jeg har kun tatt pause fra håndballen i forbindelse med mine fire svangerskap. Det tok kun syv uker å komme tilbake på banen etter at jeg fødte mitt første

barn, smiler Arnhild som nettopp har blitt bestemor til lille Ine.

Hva er det som motiverer deg til å fortsette sesong etter sesong?

- Jeg synes fortsatt det er utrolig "gøtt", og jeg trives så godt sammen med jentene på laget. I flere år har jeg sagt at dette er siste sesongen min, men når høsten kommer så kribler det i kroppen.

Så det betyr at du tar sikte på en ny sesong?

- Ja, hvorfor ikke? Så lenge det er et skikkelig opplegg rundt laget, så ser jeg ingen grunn til å legge håndballen på hylla.

Du er over dobbelt så gammel som dine lagvenninner. Hvordan opplever du det?

- Det tenker jeg svært lite på. Den eneste gangen jeg legger merke til





#DEN ENESTE GANGEN JEG LEGGER MERKE TIL ALDERSFORSKJELLEN ER NÅR JEG FYLLER UT KAMPKORTET#

aldersforskjellen er når jeg fyller ut kampkortet. Alle er født på 90-tallet, mens jeg er født i 1969... Ellers har jeg en slags morsrolle, der jeg passer litt ekstra på jentene. I tillegg er jeg lagkaptein og lagleder, så alderen medfører nok mer ansvar.

Hva er ditt beste håndballminne?

- Jeg har opplevd utrolig mye gjennom håndballen, så det er ikke enkelt å trekke frem en enkelt hendelse. Men det å vinne VerdalsCup som 16-17-åring var stort. I tillegg er alle turene til

Larvik og Petter Wessel Cup noe jeg husker med stor glede.

Under Idrettens festkveld som ble arrangert i Surnadal Kulturhus i februar, fikk Arnhild tildelet prisen "Årets ildsjel". Arnhild har i mange år lagt ned utallige timer for håndballgruppa, og er en medvirkende årsak til at dalføret fortsatt har et seniorlag.

- Jeg fikk helt sjokk da jeg åpnet brevet som kom i posten kort tid før utdelingen. Å være nominert til en slik pris er stort,

og jeg setter pris på at jobben jeg gjør på og utenfor banen blir verdsett. Men jeg har aldri tenkt tanken på at jeg kunne bli nominert, og ble enda mer overrasket da jeg i tillegg gikk helt til topps.

- Gavesjekken på 5000 kroner skal brukes til å kjøpe nye vinduer i huset mitt, smiler hun.

Om vi ser inn i glasskula; er du fortsatt å finne på håndballbanen om 5 år?

- Nei, da er jeg snart femti år, så det er vel heller tvilsomt. Men det

er ikke utenkelig at jeg sitter i styret, eller er engasjert på annet vis i håndballgruppa. Jeg vil være en del av miljøet så lenge som mulig!

Surnadal/Rindal, som trenes av Anders Moe Sæter, har hatt en fin utvikling etter jul, og vant blant annet bortekampen mot tabelltoer Kolstad med fem mål.

Sesongen avsluttes med hjemmekamp mot Orkanger i Surnadal idrettshall lørdag 29.mars.

Sponsor i #1





Sponsor i #1





ALPINGRUPPA

Ø GLIMT FRÅ ÅRETUR



PROFILEN

Kont sagt

Alder:
Fylte 29 år 12. mars

Likar:
Å lage og ete god mat

Unngår helst:
McDonalds-mat og
liknande

Dårlig vane:
Er altfor mykje på
Facebook

God egenskap:
Er engasjert i alt eg går
inn i



Frå BYGUT TIL BYGDERESSURS

Espen Vraalsen

**Heile livet har kvar
dagen til juniortrenar
Espen Fougli Vraalsen
(29) frå Lørenskog i
stor grad handla om
idrett. Det får Surnadal
Idrettslag no nyte godt
av.**

– Eg har levd eit liv som
alltid har vore prega av
idrett, seier Espen Fougli
Vraalsen. Og han underdriv

ikkje. Frå han var liten var
han med faren, som sjølv
var med på Oppsal si stor-
heitstid på slutten av 60- og
70-talet, og som har spelt
semifinal i Europacupen,
på handballtrening. Då
han var seks år starta han
å spele fotball, og frå han
var åtte til han var 17 dreiv
han parallelt aktivt med
handball. I tillegg har han
trena turn i eitt år, og alltid
vore glad i å spele ishockey
på løkka.

Det å drive aktivt med
to idrettar parallelt er
krevande nok i seg sjølv,
uansett kva nivå ein er
på. Espen tok NM-gull for
kretslag i handball saman
med mellom anna Erlend
Mamelund, og trena med
førstedivisjonslaget til Fjell-
hammer, i tillegg til at han
har spelt fotball på første-
og andredivisjonsnivå i
Lørenskog i fem år. Ei slik
satsing er Krevande - med
stor K.

Sambuar frå Halsa
Sommaren 2011 møtte
Espen halsalendingen
Eli Vullum Kvande gjenn-
om felles kjente ved Høg
skolen i Oslo, der han tok
mastergrad i idrett under
lærarhøgskulen. Eit par år
og eit nykjøpt hus i Kors-
vegen seinare er han no
tilsett som lærar i Topp-
idrett, fordjuping fotball
ved Surnadal Vidaregåande
Skole.

– Eg var lei av bylivet, og



#SURNADAL ER EIN FLOTT PLESS. DEN
ER PASSE STOR, OG EIN HAR ENKEL
TILGANG TIL NATUREN, NOKO SOM ER
VIKTIG FOR OSS. .#

#SURNADAL VAR EIN VELDIG FIN KLUBB Å KOMME TIL, MED TRIVELEGE, OPNE OG HJELPSAME FOLK.#

har alltid hatt lyst til å prøve noko anna. Det at eg har sambuar frå Halsa var grunnen til at eg enda opp akkurat her, seier Espen, som er full av lovord om den nye heimstaden sin:

– Det er ein flott plass. Den er passe stor, og ein har enkel tilgang til naturen, noko som er viktig for oss. I tillegg er folk hyggelege, rolege og behagelege, og generelt svært opptekne av idrett. Det passar meg bra.

Trivst som trenar

Fotballsesongen 2014 trenar Espen samarbeidslaget Rindal/Surnadal i G19-klassen, saman med Lars Ole Heggem. Duoen har med seg Jo Bjørnar Fiske og Jon Magne Helgetun som lagledarar. Espen, som tidlegare har trena juniorlaget til Lørenskog fortel at han ikkje klarte å seie nei då tilbodet kom:

– Eigentleg hadde eg planar om å ikkje ta på meg verv det første året eg var her, men eg vart tidleg kontakta av Olav Smevoll. Det var først spørsmål om eg ville spele, så eg var med og trena litt med A-laget, før eg vart trenar for juniorlaget.

– Eg tykkjer det er veldig artig å vere trenar, og eg er glad for å ha komme inn i fotballmiljøet. Surnadal var ein veldig fin klubb å

komme til, med trivelege, opne og hjelpsame folk. I tillegg vert det drive på ein måte eg er veldig fan av, med aksept for at alle skal få vere med, i staden for berre satsing på dei beste. Det tykkjer eg er veldig rett.

I rute

Vraalsen, som fyller 29 år 12. mars, fortel at juniorlaget ligg brukbart an før dei skal måle krefter med lag som Orkanger, Kolstad og Malvik i G19 2. divisjon denne sesongen.

– Ja, sjølv om vi har hatt litt variabelt treningsoppmøte ligg vi i grunn greitt an sportsleg. Vi har ei gruppe med stort spenn i ferdigheter, og dermed er det ei artig utfordring for Lars Ole og meg som trenarar å legge opp treningsopplegget slik at alle trivst med det.

Espen, som tidlegare har vore både juniortrenar og tilsett som sportsleg leiar i Lørenskog, trivst svært godt saman med spelarane på laget:

– Det er generelt veldig blide og positive gutter.

Ivrig innebandy-spelar

I tillegg til å vere fotballtrenar i Surnadal IL, er Espen og ein ivrig spelar på idrettslaget sitt innebandylag, som toppar Møreserien seks seriekampar før slutt.

– Det har vore ein veldig

fin arena for meg å møte jamaldringar, og i innebandygruppa er det mange innflyttarar i same situasjon som meg, godt spedd på med lokale spelarar. Eg tykkjer det er veldig greitt å møte folk ein har ein del til felles med, og for vaksne menn er vel innebandylaget omtrent det einaste reelle lagidrett-alternativet til A-laget i fotball, seier han, og legg til:

– Eg tykkjer vi har truffe bra med opplegget. Treningsoppmøtet er godt, og det verkar som om dei som er med tykkjer det er artig. Innebandy er ein idrett alle kan vere med på, og som alle har vore innom det ein eller annan gong.

Allsidig og aktiv

Men kva gjer Espen Fouagli Vraalsen når han ikkje er å finne på Syltøran, i Idrettshallen eller på Surnadal vidaregåande skole?

– Vi driv og pussar opp hus, og eg har familie og venner i Oslo eg prøvar å besøke. Eg er og glad i å fiske, samt å gå på ski og i fjellet.

At Espen er ein allsidig idrettsmann er det liten tvil om, og han er altså aktiv innan både fotball og innebandy i Surnadal IL. Kva så med handballen, som står hjartet hans så nær?

– Eg har ikkje engasjert meg

i handballmiljøet dei siste seks-sju åra, og idretten har utvikla seg vanvittig mykje, så per i dag er eg nok litt akterutsegla der. Eg ser meir for meg at det er ein arena eg eventuelt kan bidra på når ein eventuelt får barn, seier den tidlegare midt-

Sponsor i #1

“Surnadal IL gir opplevelser påbane og sidelinje som har gitt glede i mange generasjoner. Klart vi er med!

Liv Dalsegg,
Surnadal Sparebank



backen, som gjorde comeback og spelte to år i 2. divisjon i handball eit par år etter at han først la opp.

– Det er veldig artig med handball, men det er først og fremst innan fotballen kompetansen min ligg. Og på eige initiativ fortel Espen at han har stor tru på at mykje blir gjort rett i fotballgruppa i Surnadal IL for tida:

– Eg tykkjer det skjer veldig mykje bra i fotballgruppa. Det er ein veldig positiv «go» i heile klubben, og dei med overordna sportsleg ansvar jobbar kjempegodt. Eg trur klubben er på veldig riktig veg.



GODT MILJO HØGT NIVA^o



Rickard Larsson

Innebandy er det siste tilskotet til Surnadal IL sitt flotte mangfold av ulike idrettar, og med serieleiing og nyleg vellykka heimerunde i Surnadal Idrettshall er gruppera verkeleg i vin- den for tida.

Gruppera vart starta av Rickard Larsson i september 2013. Rickard har spelt ishockey heile livet, mellom anna på nivå tre i Sverige, og i mangel av hockeytilbod i nærområdet ser han på inneban-

dy som eit godt alternativ. Gjennom Surnadal kommune fekk han høyre om Møreserien, ein bedriftsserie for innebandylag. Berre eit halvår etter oppstarten toppar Surnadal og spelande trenar Larsson no tabellen der, med 14 sigrar, to uavgjorte og to tap. Med to poeng for siger og eitt for uavgjort har SIL-gjengen i skrivande stund tre poengs forsprang ned til serietoar Sykkylven med seks kampar att å spele.

– Det har gått over all forventning. Eg må vel innrømme at eg under den

første runden i Molde vart litt overraska over at vi vann alt, seier Larsson, og fortsett:

– Etter kvart har dei andre laga lært seg litt korleis vi spelar, så dei har kome etter, og kampane er litt jamnare no. Vi hadde ingen mål då vi starta, men måtte fort endre på det då vi såg kor bra vi gjorde det og kor mange gode spelarar vi har.

31-år gamle Larsson kjem frå Överkalix i Nord-Sverige, om lag 10 mil nordaust for Luleå. Rett etter vidaregåande flytta han sørover

til Umeå, og sidan har han mellom anna budd til saman 18 månader i Australia og vore lærling hos Scania i Södertälje, om lag 35 kilometer utanfor Stockholm.

Det var likevel opphaldet på Svalbard, der han jobba som snøscooter- og båtmekanikar, som førte Rickard til Surnadal og Nordmøre. Det var nemleg der han møtte jamgamle Heidi Gravvold Sæter, som kapra hjartet til den tidlegare hockeybacken. Paret gifta seg sommaren 2012, og har kjøpt barndomshei-



#EG MÅ VEL INNRØMME AT EG UNDER DEN FØRSTE RUNDEN I MOLDE VART LITT OVERRASKA OVER AT VI VANN ALT#

men til Heidi i Storsvingvegen. I november 2013 fekk dei sonen Elijah, og Rickard jobbar no til dagleg som industrimekanikar ved PowderTech i Røtet,

– Eg trivst veldig bra i Surnadal. Det tok litt tid å komme inn i alt, og det var litt vanskeleg å bli kjent med nye folk. Dette var også litt av grunnen til at eg ville starte opp med innebandy, eg har vore vant til at ein blir kjent med folk gjennom idrett, og då for min del spesielt hockey, seier Rickard, som og spelte fotball til han

var 14-15 år gammal.

Han fortel at han har fått med seg andre nytiflytta surnadalinger på innebandy.

– Ja, vi har mellom anna to frå Oslo, ein frå Latvia og ein til frå Sverige. Innebandy er artig og enkelt å vere med på, så alle kan vere med og spele. Det er ein veldig god måte å komme inn i miljøet i Surnadal på, seier Larsson, som fortel at innebandygruppa nok kjem til å bli verande i bedriftsserien, der dei spelar no:

– Eg har hørt at dei skal

starte opp med vanleg seriespel i Møre og Romsdal, men eg trur det blir vanskeleg å få med folk på såpass lange turar som til Ørsta og Ålesund, seier Rickard, og legg til:

– Det hadde jo sjølv sagt vore artig å spele kamper på 3 periodar på 20 minutt kvar, i staden for ein omgang på 20 minutt, slik vi spelar i bedriftsserien. Men det er nok for oss å halde på slik vi gjer no, med to treningar i veka, samt at vi møtast til seriespel ein gong i månaden.

På sikt har Rickard Larsson eit ønskje om å få til organisert innebandyspel for ungdommar i Surnadal, samt gå til innkjøp av vant til å bruke rundt bana under kampar og treninger.

Først skal dei 15-16 som utgjer kjernen i innebandygruppa no konsentrere seg om den spennande avslutninga av Møre-serien. Siste runde vert arrangert i Kristiansund 25. april.

Og seriegullet?

– Det skal vi ta, forsikrar Rickard Larsson.

Sponsor i #1

PIPELIFE

Sponsor i #1



Seks utøvarar frå friidrettsgruppa i Surnadal IL deltok i KM innandørs i Tingvollhallen. Med seg i bagasjen heim hadde dei spreke ungdommane heile seks gull, tre sølv og tre bronsemedaljar! Vi gratulerer Eirin (frå venstre), Sunniva, Eirik, Beate, Oliver og Hanne med strålende innsats!



Ragnhild Mogstad og Kristoffer Berset vart, som to av åtte skiløparar frå Sør-Trøndelag skikrets uttekne til Undomsstafetten i Holmenkollen 7. mars. Ragnhild (15. beste etappetid) og Kristoffer (4. beste etappetid) gjekk dei to første etappane for Sør-Trøndelag 2, og då våre to var ferdige med sine etappar låg laget på ein strålende 8. plass av 30 lag. Til slutt enda laget på ein flott 11. plass.



Surnadal deltok med fire lag i Nils Arne Eggen Cup 2014. I tillegg til J12 og G12 var to G16-lag med. 99-modellane vann alle tre kampane sine i gruppespelet, medan 98-modellane gjekk vidare til sluttspillet etter ein siger og to tap.

Dei to Surnadal-laga møtte kvarandre i kvartfinalen, og sjølv om 99-modellane tok leiinga 3-1, snudde 98-laget til 5-3-siger og avansement til semifinale. Der gjorde Surnadal kort prosess med Orkanger 2, og vann 4-2. Dermed vart det finale mot suverene Steinkjer 1, som før kampen stod med fem strake sigrar og 37-4 i målforskjell.

SIL-gutane kjempa godt i finalen, men måtte til slutt gje tapt med sifra 0-4. Likevel hadde alle våre lag gjort ein flott figur i Orklahallen denne helga, og G16 1 fekk altså med seg pokal for ein glimrande andre plass heim att til Nordmøre.

G10 på handballcup
på Orkanger.



Fotballgruppa i Surnadal IL har tilsett Gry Norshusstuen som ny trenarkoordinator frå og med 1. februar. Gry er 28 år, og tek over stillinga etter Webjørn Holten, som no trenar A-laget.



8. februar gjekk Idrettens Festkveld av stabelen for tredje gong. Petter Eidsli (fotball) og Signe Larsen (langrenn) representerte Surnadal IL under den flotte innmarsjen.



Sponsor i #1





Surnadal IL la stor vekt på aktivitetar for barn og unge. Her instruerer Magne Moen på eit barneidrettskurs, der målet var å utdanne vaksne leiarar.

Heilt sidan starten har Surnadal IL lagt stor vekt på aktivitetar for barn og unge. Her instruerer Magne Moen på eit barneidrettskurs, der målet var å utdanne vaksne leiarar.



Under 75-års-jubileet i 1988 vart Lars E. Heggset (t.v.) og Odd Enge utnemnt til æresmedlemmer i Surnadal IL. Her flankerer dei lagets første kvinnelege styreleiar, Aase Vedul Moen.



Dette er det aller første laget Surnadal IL stilte i ein seriekamp, mot Søya i 1966 (1 - 1). Fremst frå venstre: Ola Dalsegg, Jon O. Sæterbø, Odd Magnar Møkkelgjerd, Sverre Drøpping, Odd Magne Bævre. Andre rekke f.v.: Ingebrigt Grimsmo, Finn Heggset, Anders Sæter, Reidar Tjelle, Kjell Kvendbø, Ingvar Kvande, Hilmar Sundli. Bak står fotballutvalet: Henry Ansnes, Trygve Talgø, Jon Peder Jakobsen, Jon Sverre Sæter.



I 1974 vart det felles 4. divisjon for Nordmøre og Romsdal, og dette laget tok ein sterk tredje plass. Fremst frå venstre: Erland Lervik, Johannes Holten, Odd Magnar Møkkelgjerd, Odd Magne Bævre, Lars Sylte, Anders Sæter. Bak: Lars Øie, Holger Skei (spelende trenar), Svein Forberg, Anders Fiske, Finn Heggset, Ottar Aune, Peder Naustbakk, Edvard Aarnes.

Oldies goldies

Sesongen 93/94 vart ein suksess for handballgruppa, her ved trenar Andrzej Druzkowski, Anita Garte (t.v.) og Vibeke Borup. Det vart opprykk til 2. divisjon, Vibeke debuterte på landslaget og Anita var på landslagssamling.



NESTE UTGÅVE:
JUNI 2014

ANNONSERE
I #2?

TIPS TIL
STOFF?

Kontakt:
oystein.bondhus@surnadal-il.no
926 98 080



Ansvarleg utgjevar:
Surnadal IL
Postboks 1
6656 Surnadal